



## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Gro Osmundsen Kyvik	GBR - 41/55	16/328

Saksnr	Utval	Type	Dato
042/19	Hovudutval teknisk/næring	PS	19.11.2019

### OFFENTLEG ETTERSYN - DETALJREGULERING FOR FV 541, GRIMSTVEIT-SVEIO

#### Prenta vedlegg:

R03\_Fv541-Krossleitet-Grimstveit\_Planskildring\_5167707  
OPPDATERTE PLANDOKUMENTER OKTOBER 2019 - DETALJREGULERING FOR FV 541, GRIMSTVEIT-SVEIO  
VEDLEGG-8\_Fv541-Krossleitet-Grimstveit\_Sty\_5167707  
VEDLEGG-9\_Fv541-Krossleitet-Grimstveit\_ROS\_5167707  
VEDLEGG-3\_R05\_Medverknad-Merknader-oppstart\_oppsummert-kommentert\_5167707\_red  
VEDLEGG-4\_R02\_Fv6\_Val-av-tras\_delstrekning-B-C\_5167707  
VEDLEGG-5\_Fv6-Krossleitet-Grimstveit\_Grunnunderskelser\_5167707  
VEDLEGG-6\_Teikningshefte\_Fv541-Sveio\_5167707  
VEDLEGG-7\_2018-11-09\_Fv6-Sveio\_GS-kryssing  
R01\_Fv6-Siling-løysingar\_5167707  
LAY-B\_oversikt\_reduisert  
UTTALE TIL SILINGSRAPPORT - SVEIO - FV 6 SVEIO SENTRUM - GRIMSTVEIT - BETRE TRAFIKKTRYGGLEIK - DETALJREGULERING  
R02\_Fv6\_Val-av-trasé\_delstrekning-B-C\_5167707  
VEDLEGG-2\_R04\_Reguleringsføresegner\_Fv541-Krossleitet-Grimstveit\_5167707

#### Saksopplysningar:

Rådmannen, 21.10.2019

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Plan- og bygningslova (pbl), særskilt kapittel 12 om reguleringsplanar.
- Regional plan for areal og transport på Haugalandet.
- Kommuneplanen sin arealdel for Sveio kommune, 2011-2023.
- Reguleringsplan for Melkeneset, del av gnr. 40 bnr. 6 m.fl., planid 1986003, Reguleringsplan for fv. 541 Buamyr – Grimstveit, planid 2013008, Reguleringsplan for Gjermundshaugen gnr. 40 bnr. 12, planid 2014003 og Reguleringsplan for Steinartjørna, planid 2006002.

#### 1. SAKSORIENTERING



Statens vegvesen Region Vest fremjar framlegg til detaljregulering for fv. 541 (tidlegare fv. 6) Sveio – Grimstveit. Planområdet strekk seg frå kryss mot fv. 47 i sør til Grimstveit/Lier 5,5 km lenger nord. Frå kryss mot fv. 47 til Åsevatnet er framtidig veg planlagt i dagens trase. På denne strekninga omfattar planområdet eksisterande køyreveg med tilliggjande areal. Frå Åsevatnet og vidare nordover er framtidig veg for det meste planlagt i ny trase aust for dagens veg, bortsett frå eit stykke langs Maritjørna der ny veg igjen vil gå i dagens.

Hovudmålet med planarbeidet er å auke trafikktryggleiken for mjuke trafikantar langs fylkesvegen. Frå fv. 47 til Åsevatnet er det planlagt samanhengande gang- og sykkelveg langs vestsida av køyrevegen, og fortau langs austsida. Der ny veg går i dagens langs Maritjørna er det også planlagt gang- og sykkelveg. På resten av strekninga er det lagt opp til at mjuk trafikk skal nytte dagens veg, medan biltrafikk skal nytte ny veg. Planområdet er på ca. 297 daa.

### **Gjeldande planar:**

Kommuneplanen: Ny fylkesveg er vist i kommuneplanen sin arealdel. Ny veg ligg delvis i dagens veg, og delvis i ny trase. Tiltaket er konsekvensutgreia i samband med kommuneplanarbeidet.

Kommunedelplan Sveio: Kommunedelplan for Sveio sentrum omfattar fylkesvegen og området aust for vegen. Planføresegnene slår fast at g/s-veg skal verte etablert langs austsida av fylkesvegen frå Sveiogata og fram til bustadområda B7, B12, B13, B14 og B15/16 når desse vert tekne i bruk. Nye reguleringsplanar for desse områda skal stille rekkefølgjekrav til g/s-vegen.

Reguleringsplanar: I sør overlappar planframlegget gjeldande reguleringsplan for Melkeneset, del av gnr. 40 bnr. 6 m.fl., planid 1986003. Omlag 150 m nord for krysset mellom Tjernagelvegen og Sveiogata, på austsida av fylkesvegen, ligg reguleringsplan for Gjermundshaugen gnr. 40 bnr. 12, planid 2014003. På vestsida av fylkesvegen, like nord for krysset med Paddevegen, ligg reguleringsplan for Steinartjørna, 2006002. I nord grenser føreliggjande planframlegg mot reguleringsplan for fv. 541 Buamyrdalen – Grimstveit, planid 2013008.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen så langt. Tiltakshavar er Statens vegvesen. Tiltaket har ikkje byggjemidlar.

### **Vurdering i høve til krav om konsekvensutgreiing (KU):**

Kommunen viser til plan- og bygningslova (pbl) §§ 4-1 og 4-2. Der står det at dersom ein reguleringsplan kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, *skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkninger for miljø og samfunn.* I pbl § 12-3, tredje ledd, vert det vist til at reguleringsplanar innhaldsmessig skal følgje opp hovudtrekk og rammer i kommuneplanen sin arealdel. Ved vesentlege avvik gjeld krava i § 4-2 andre ledd (krav om konsekvensutgreiing).

I denne saka har kommunen vurdert at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing. Planarbeidet er i samsvar med intensjonen i kommuneplanen som viser ny fylkesveg, delvis i dagens veg og delvis i ny trase. Vegen er konsekvensutgreia i samband med kommuneplanarbeidet, og kommunen har vurdert at det ikkje er naudsynt med særskilt KU for planarbeidet. Det er likevel gjort ein verknadvurdering der det er gjort greie for verkander av tiltaket for landskapsbiletet, naturmangfald, kulturarv, friluftsliv og naturressursar.

### **Vurdering i høve til ROS analyse:**



For å redusere omfanget av uønska hendingar er det ein føresetnad at ein i planarbeidet kartlegg risiko og sårbarheit. ROS-analysen skal vera i samsvar med rettleiaren *Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging* frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB). I ROS-analysen skal ein ta utgangspunkt i kjend kunnskap om planområdet, dagens arealbruk og omkringliggjande område. Planframlegget må syne til ei vurdering av alle tilhøva ved arealet/tiltaket uansett om risikoen er akseptabel. Akseptkriteria skal vera i samsvar med krava i TEK 17.

I ROS-analysen for fv. 541 Sveio – Grimstveit er følgjande tema utgreia: Flom i vassdrag, skogbrann, trafikktilhøve og sårbare bygningar. ROS-analysen viser at planområdet generelt er lite til moderat sårbart for hendingar knytt til desse temaa, så framtidige tiltak vert gjort. Oppsummert må følgjande tiltak verte lagt til grunn for planarbeidet:

<b>Fare</b>	<b>Sårbarheit- og risikoreduserande tiltak</b>
Flom i vassdrag	I detaljplanen må flomsoner basert på aktsemdkarta for flom verte kartlagt og lagt til grunn.
Skogbrann	Entreprenøren må ha god lokal brannberedskap, i tillegg til brannvesenet sin eigen beredskap.
Kjemikalieutslepp og anna akutt forureining	I anleggsfasen må entreprenøren sørge for sikker drift av maskiner og køyretøy slik at utslepp av kjemikalier vert unngått.
VA-anlegg/ leidningsnett	Eksisterande VA-anlegg og leidningsnett må verte påvist i planområdet.
Trafikktilhøve	Trygge forhold for mjuke trafikantar må verte sikra i anleggsfasen.
Eksisterande kraftforsyning	Det må takast omsyn til eksisterande 22kV distribusjonsnett i anleggsfasen
Drikkevasskjelder	I detaljprosjektinga må eksisterande grunnvassborehol takast hand om. Ved eventuell avvikling må dette verte erstatta.

#### **Fråsegn frå barnerepresentanten etter PBL:**

Det har ikkje kome inn merknad i saka frå barnerepresentanten. Planframlegget vert lagt fram for barnerepresentanten på nytt når saka vert lagt ut til offentleg ettersyn.

## **2. OPPSTART OG MEDVERKNAD**

Det vart halde oppstartsmøte med Sveio kommune den 10.03.2017. Oppstart av planarbeidet vart varsla den 28.04.2017 med annonse i Vestavind, Haugesund avis og brev til grunneigarar, naboar og offentlege instansar.

#### **Fråsegn og merknader til oppstart:**

Frist for innspel til oppstart vart sett til 12.06.2017. Følgjande fråsegn og merknader kom inn til varsel om oppstart:

#### Fråsegn:

1. Sveio kommune ved Folkehelsekoordinator, 28.04.2017
2. Haugaland kraft Nett AS, 04.05.2017
3. Telenor kabelnett, 04.05.2017
4. Sveio kommune ved kulturavdelinga, 09.05.2017
5. Skyss, 15.05.2017
6. Fylkesmannen i Hordaland, 31.01.2018, 04.09.2017 og 29.05.2017



7. Sveio kommune ved kommunalsjef skule, barnehage og kultur, 24.05.2017
8. Hordaland fylkeskommune, 14.06.2017
9. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), 16.06.2017

Merknader:

1. Jan Olav Risvold (gnr. 43 bnr. 7), 10.05.2017
2. Asbjørn Sigurd Larsen (gnr. 43 bnr. 4), 14.05.2017
3. Harry Åse (gnr. 41 bnr. 23), 10.05.2017
4. Tilly Oline og Tor Thuestad (gnr. 54 bnr. 6) ved Borgen Advokatar AS, 10.05.2017
5. Svein Magne Eikemo (gnr. 41 bnr. 53), 30.05.2017
6. Ernst Sigvald Lie, Bjarne Økland og Svein Hundsnæs (gnr. 41 bnr. 34, 12, 37), 01.06.2017
7. Gjertrud Svartveit Osmundsen (gnr. 42 bnr. 1), 11.06.2017
8. Sigurd Henning Nygård (gnr. 41 bnr. 6) 11.06.2017
9. Sissel Øritsland og Ole Andreas Våge (gnr. 41 bnr. 8), 11.06.2017
10. Byfa bygg for alle AS (gnr. 41 bnr. 5), 11.06.2017
11. Hans Christian Grimstvedt (gnr. 54 bnr. 1, 2, 4, 5, 10), 12.06.2017
12. Juergen Kreinbihl (gnr. 42 bnr. 45), 31.07.2017
13. Bjarne Aase (gnr. 41 bnr. 45), 25.10.2017

I det følgjande vert det gitt eit samandrag av fråsegn og merknader, samt vurdering frå tiltakshavar og rådmannen. Alle fråsegn og merknader er også vedlagt saka.

Fråsegn:

1. Sveio kommune ved Folkehelsekoordinator, 28.04.2017:

Tiltak som er påpeika i Trafikksikringsplan 2016-2027, særleg for søre ende av fv. 541, bør verte innarbeida i reguleringsplanen.

Vurdering frå tiltakshavar:

I Trafikksikringsplan inngår strekninga Lier – Nordskog i fareklasse 2, mens strekninga Nordskog – kryss Sveiogata inngår i fareklasse 3 (tidlegare har denne også høyrte til fareklasse 2). Elevar i 1.-4. klasse langs skuleveg i fareklasse 2 har rett til skuleskyss når strekninga er mellom 2-4 km (Sveio kommune 2016). Uavhengig av denne klassifiseringa er eit av føremåla med planarbeidet å etablere eit betre tilbod for gåande og syklende på strekninga. Trafikksikringsplanen viser i tiltak 24 ein oppgradering av kryssområdet med Sveiogata i sør, med opphøgd kryssing i plan over fv. 541, og gang- og sykkelveglenke mot eksisterande gang- og sykkelveg langs Sveiogata. Planframlegget legg til rette for tryggare kryssingspunkt med justert kryss med Sveiogata, og tosidig løysing for gåande og syklende langs Tjernagelvegen sør for Åse. I 2018 vart det gjennomført eit strakstiltak i kryssområdet, med opphøgd gangfelt, intensivbelysning og redusert fartsgrense (50 km/t). I samband med planarbeidet er det vurdert planskilt kryssing (på bru eller i undergang), men løysingane er funne ueigna.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

2. Haugaland kraft Nett AS, 04.05.2017:

Det vert vist til oversiktskart med eksisterande anlegg, særleg 22 kV luftleidningar, 22 kV jordkablar og trafokioskar innanfor planområdet, og avsendar legg til grunn at det vert etablert dialog mellom tiltakshavar og avsendar. I plankartet må det visast omsynssone ved 22 kV luftleidningar.



Vurdering frå tiltakshavar:

Ved oppstart av planarbeidet har ein innhenta grunnlagsdata for eksisterande anlegg og vil i størst mogleg grad unngå konflikt med dette. Planframlegget viser konflikt med tre høgspenstmaster (to ved Maritjørna og ei ved Lauvåsvegen). Det er lagt inn omsynssoner der tiltaket kjem nærme/kryssar under 22 kV luftleidningar. Detaljane rundt flytting av eksisterande og eventuelt behov for ny teknisk infrastruktur må verte avklart nærare i byggeplanfasen.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

3. Telenor kablenett, 04.05.2017

Automatisk oppdatering på sak pr. e-post; Telenor kabelnett har handsama saka og overført den til lokal entreprenør Eltel Networks AS.

Vurdering frå tiltakshavar:

Eventuell konflikt med eksisterande anlegg og/eller ynskje om deltaking i nytt anlegg (grøfter) må verte avklart i byggeplanfasen.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

4. Sveio kommune ved kulturavdelinga, 09.05.2017

Det er få registrerte kulturminne med høg verdi i området. Området rund Åseåsen, som grensar til eksisterande fv. 541, er vurdert å vere eit kulturlandskap med høg verneverdi i Kommunedelplanen for kulturminne i Sveio.

Vurdering frå tiltakshavar:

Reguleringsplanarbeidet har teke omsyn til kulturlandskapet og bygningsmiljøet rundt Åseåsen, gnr 41 bnr 2,3,4, og freista å finne løysingar som ikkje påverkar dette området. Med bakgrunn i stigning, breidde og kurvatur til eksisterande veg, vil ein ny vegtrasé med standarden som vert lagt til grunn gjennom området likevel kome i konflikt med omsynssone for dette kulturlandskapet. Då tiltaket rår utkanten av kulturmiljøet på Åse, vurderer ein at påverknaden ikkje vil føre til vesentleg forringing av kulturmiljøet samla sett. Tiltaket gir likevel noko negativ verknad.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

5. Skyss, 15.05.2017

Ynskjer i utgangspunktet å fylgje oppgradert vegnett, men ser at ny vegtrasé kan bli liggjande utanfor gangavstand til bustadområda. Dermed må bussane trafikkerre gammal trasé grunna skuleskyss. Ber om å verte involvert ved traséval og plassering av haldeplassar.

Vurdering frå tiltakshavar:

Forprosjektet rår til at fv. 541 vert lagt i ny trasé nord for Åse, og i dagens trasé sør for Åse. Forprosjektet omtaler ikkje temaet kollektivtransport ut over at «Det må byggjast busslommer ved alle kryss og elles der det er nødvendig». I planframlegget er det vist nye busslommer ved kryss med Sveiogata, på Åse og sør for Maritjørna. Vidare nordover er det lagt til grunn



at busstrafikken må nytte eksisterande veg og haldeplassar.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

6. Fylkesmannen i Hordaland, 31.01.2018, 04.09.2017 og 29.05.2017

31.01.2018: Fylkesmannen viser til brev av 4. september 2017 der ein rår til å vurdere 0-alternativet, men at tilrådinga ikkje er lagt til grunn i silingsrapporten. Ny veg vil røre nasjonale naturmangfaldinteresser, og desse må kome tydeleg fram på karta. Rapporten må utdjupast med omsyn til ikkje-prissette tema og inkludere 0-alternativet.

04.09.2017: Fylkesmannen viser til oppstartsvarsel, merknad av 29. mai 2017 samt møte med Norconsult, Sveio kommune og Statens vegvesen 28. august 2017. I tillegg viser ein til to rapportar frå Kystkonsult og vedtak i Sveio kommune, som fylkesmannen ikkje har vore kjend med då dei ikkje er motteke til uttale. Det er et klart større avvik frå kommuneplanen enn kva fylkesmannen la til grunn i si vurdering av saka i e-post korrespondanse med kommunen. Fylkesmannen ber såleis kommunen om å vurdere på nytt om planen utløyser krav til konsekvensutgreiing (KU).

Fylkesmannen peiker på at ny vegtrasé omfattar myrar, tjern og våtmarksområde, som er særleg sårbare for inngrep. Påverknaden som følgje av drenering kan vere stor sjølv langt unna tiltaket. Etter fylkesmannen si vurdering er prosjektet av eit slikt omfang at det kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Uavhengig av om kommunen konkluderer med at planarbeidet ikkje utløyser krav om KU, må kommunen gjennom kartleggingsfasa kontinuerleg vurdere om planen utløyser krav om KU.

Fylkesmannen rår til at ein utvidar planområdet slik at 0-alternativet vert teken med i det vidare planarbeidet. Utan ei tilstrekkeleg vurdering av 0-alternativet, og vidare ei substansiell vurdering av dei ulike alternativa opp mot kvarandre, vil ein ikkje kunne vurdere tiltaket etter naturmangfaldlova §§ 8-12 som er påkravd.

Forprosjekt og silingsrapport er mangelfulle, noko som gjer det vanskeleg å vurdere dei ulike alternativa. Det saknast ei vurdering av dei ikkje-prissette konsekvensane for kvart alternativ. Alternativ 1 vil mellom anna gå gjennom eit område med fulldyrka, overflatedyrka mark og innmarksbeite, og vert vurdert til å vere konfliktfullt jf. det nasjonale jordvernet og nedbygging av dyrka/dyrkbart areal.

29.05.2017: Fylkesmannen har tidlegare vore i dialog med kommunen angående krav til planprogram og konsekvensutgreiing (KU) i planarbeidet. Strekninga låg allereie i kommuneplanens arealdel, og fylkesmannen har oppfatta saka slik at det har vore snakk om eit mindre avvik frå denne og innanfor same korridor. Nå ser fylkesmannen at avviket frå kommuneplanen er større enn det som er lagt til grunn i tidlegare vurdering av saka, og tek difor atterhald om at vidare planlegging vil syne at det ikkje vil vere naudsynt med ytterlegare konsekvensutgreiingar.

Planområdet omfattar myrar, tjern og mindre våtmarksområde, som kan vere særleg sårbare for inngrep. Drenering kan gi store følgjer sjølv langt unna tiltaket. Fleire sjeldne og raudlista fuglearter er registrert i området, og storsalamander er konstatert i Kyrkjegardsdammen. Det må gjennomførast ei detaljert kartlegging av myr- og våtmarksareala, med tjern og bekkar.

Det er konstatert vasspest i Åsevatnet. Eventuelle førekomst av vasspest andre stadar innanfor planområdet må kartleggjast. Særlege tiltak for å unngå spreing må gjerast i





anleggsarbeidet.

Det er krav om utarbeiding av ROS-analyse, som skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Alle risikohøve, inkludert flaum og skred, skal merkast med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Fylkesmannen peikar på medverknad i planprosessen og ansvaret kommunen har for at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet. Avslutningsvis tilbyr fylkesmannen å stilla på møter saman med kommunen for å medverke til god framdrift i planprosessen.

#### Vurdering frå tiltakshavar:

31.01.2018: Opphavleg silingsrapport (delstrekning B og C nord for Åse) datert 16. januar 2018 som vart sendt til Fylkesmannen i Hordaland for uttale, er i etterkant omarbeida og inkluderer nå vurdering av veg i dagens trasé for vurderte alternativ på delstrekning B og C (mellom Åse og Grimstveit). Konklusjonen i rapporten er lagt til grunn for detaljreguleringa. Alternative traséar for delstrekning A mellom fv. 47 og Åse er ikkje vurdert i det innleiande arbeidet. Den justerte rapporten følgjer plandokumenta som vert lagt ut til offentleg ettersyn (VEDLEGG-4\_R02\_Fv6\_Val-av-trasé\_delstrekning-B-C \_5167707).

04.09.2017: Sveio kommune har på nytt vurdert om planen utløyser krav til konsekvensutgreiing, men har funne at planarbeidet er i samsvar med intensjonen i kommuneplanen og at det ikkje er naudsynt med særskilt KU for planarbeidet.

Det er gjort ei vurdering av verknader for mellom anna myrar, tjern og våtmarksområde i planmateriale som er lagt ut til offentleg ettersyn. I forkant av utarbeiding av planframlegget er det vurdert ulike traséar på deler delar av strekninga før ein har konkludert med alternativet som no ligg føre, sjå dokumentet VEDLEGG-4\_R02\_Fv6\_Val-av-trasé\_delstrekning-B-C \_5167707.

Sveio kommune har vurdert kravet om KU i planarbeidet. I samband med trasévurderinga som vart utarbeida i forkant av detaljreguleringa, vart utgreiingsområdet utvida til å inkludere dagens vegtrasé.

Det er ikkje vurdert alternative traséar til dagens veg sør for Åse, og silingsnotat frå mars 2016 samt politisk vedtak i Hovudutval teknisk/næring april 2016 er lagt til grunn i dette planarbeidet. I kommuneplanens arealdel ligg områder nord for Åse inne som viktig landbruksområde (LNF-L).

29.05.2017: Sveio kommune har på nytt vurdert om planen utløyser krav til konsekvensutgreiing, men har funne at planarbeidet er i samsvar med intensjonen i kommuneplanen og at det ikkje er nødvendig med særskilt KU for planarbeidet. Det er gjort ei vurdering av verknader for mellom anna myrar, tjern og våtmarksområde i planmaterialet som er lagt ut til offentleg ettersyn.

Vasspest er omtalt i planskildringa og må handterast vidare i byggeplanfasen. I innspel til ytre miljøplan foreslår ein at det må verte stilt krav til at det må takast særleg omsyn når maskiner og massar vert flytta frå Åsevassdraget for ikkje å spreie vasspest.

ROS-analyse er utarbeidd i samband med detaljreguleringa.

Det vert lagt opp til ordinær planprosess i medhald av plan- og bygningslova. Sveio



kommune, Statens vegvesen og Norconsult har hatt tett dialog undervegs i planarbeidet, og legg mellom anna opp til kontordag og informasjonsmøte i perioden planen ligg på høyring.

Det har vore møte mellom Fylkesmannen, Sveio kommune, Statens vegvesen og konsulent undervegs i planarbeidet for å gjere nødvendige avklaringar.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

7. Sveio kommune ved kommunalsjef skule, barnehage og kultur, 24.05.2017:

Samanlikna med andre kommunar har ein større del av elevane i Sveio skyss til og frå skulen mellom anna på grunn av farleg skuleveg (55,8 % mot 25,9 (Hordaland), 21,5 (landet), 47,6 (Etne), 37 (Bømlo) og 33,8 (Kvinnherad)). Dette er uheldig i eit folkehelseperspektiv, og det er såleis svært viktig at nye vegar får ein slik standard at mange kan sykle og gå til og frå skulen.

Vegen vil i all hovudsak vere skuleveg for barn som ikkje har rett til skuleskyss og som skal gå eller sykla til/frå Sveio skule dersom vegen er trygg nok. God tilrettelegging med trygge sykkel- og gangstiar vil såleis ha spesielt mykje å seia for denne vegstrekninga.

Vurdering frå tiltakshavar:

Eit av formåla med planarbeidet er å etablere langsgåande tilbod for gåande og syklende på strekninga. Det er føreslått samanhengande gang- og sykkelveg på vestsida og fortau på austsida av utbeta veg mellom Tittelsnesvegen og Åse. Langs Maritjørna er det vist gang- og sykkelveg, mens tilbodet for gåande og syklende for resten av vegstrekninga er dagens køyreveg utan nye tiltak. Det er vurdert kryssing både i plan og planskiilt. Ved 80 km/t er det vist kryssing i undergang, mens det sør i planområdet (fartsgrense 50 km/t) er lagt opp til kryssing i plan.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

8. Hordaland fylkeskommune, 14.06.2017

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal verte dokumentert og vurdert som eit av punkta i planutgreiinga. Kvart kulturminne må verte omtalt (vurdering av verneverdi), inkl. fornminne, bygningar/bygningsmiljø, steingardar, gamle ferdsselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap. Planen kan ikkje vere i konflikt med automatisk freda kulturminne/nasjonalt-regionalt viktige kulturminne. Det er ein fordel for tiltakshavar å kartleggje spørsmål om kulturminneverdiar på eit tidleg tidspunkt.

Det er ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Det kan vere bevart gravminne, fossile dyrkingsspor og strukturar etter forhistorisk busetting i maka. Fylkeskommunen må difor gjennomføre ei synfaring for ei nærare vurdering av funnpotensialet.

Avsendar er positiv til at planarbeidet har som mål å redusere avkøyrslar. I prosessen vidare må det utgreiast nærare kva fordelar og ulemper det vil vere å leggje store deler av vegen langs ein ny trasé, og ein slik vurdering må skje i dialog med Skyss.

Vurdering frå tiltakshavar:

I planskiildringa er kulturmiljø og kulturminne omtalt, og både verdi, omfang og konsekvensar er vurdert. Oppstart av planarbeidet har lagt til grunn tilråding frå forprosjektet om å leggja ny





fylkesveg i i ny trasé på delar av strekninga. Etter ynskje frå Fylkesmannen i Hordaland er det gjort ein trasévurdering på delstrekning B og C (mellom Åse og Grimstveit), kor fordelar og ulemper ved dei ulike traséane (inkludert dagens trasé) er gjort greie for. Dette er omtalt i VEDLEGG-4\_R02\_Fv6\_Val-av-trasé\_delstrekning-B-C\_5167707 som er ein del av plandokumenta som er ute på høyring.

Samferdsel, kulturminne og kulturmiljø har sammen med naturmangfald stått sentralt i utgreiingane som er gjort i innleiande arbeid og i sjølv detaljreguleringa.

Vurdering frå rådmannen:

Synfaring vart gjennomført av fylkeskonservatoren i uke 42 og 43. Det vart ikkje registrert spor etter automatisk freda kulturminne i planområdet.

9. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), 16.06.2017

Avsendar oppmodar til traséval og arealbruk som gir minst mogleg fylling/inngrep i vatn og elvar. Dersom inngrep i vassdrag ikkje er til å unngå, må avsendar vurdere tiltaka etter vassressurslova. Det er viktig at konsekvensar for allmenne interesser, som fiskeoppgang, ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, jordvern, omsyn til flaum etc. vert vurdert i planen.

Vurdering frå tiltakshavar:

Planframlegget freistar å unngå inngrep i vatn og bekkar i størst mogleg grad. Noko nærføring og konflikt, særleg med bekkar, er likevel ikkje mogleg å unngå med dei målsettingane og føringane som ligg for planarbeidet. Planframlegget viser mur tett i, og noko flytting av, bekken nedstraums Åsevatnet. Stikkrenna under vegen må også verte auka i dimensjon og forlenga. Ny veg kjem også tett på Maritjørna og kryssar over bekken mellom Maritjørna og Mørkavatnet. Ein kryssar også over bekken frå Skardhaugtjørna som går vidare til Stemmetjørna og Færåsbekken. Denne er allereie lagt i røyr over ei større strekning sør for Lyngstad.

Det nye veganlegget held stort sett ein viss avstand frå vassdraga slik at naturleg vegetasjonsbelte kan oppretthaldast langs breidda.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

Merknader:

1. Jan Olav Risvold (gnr. 43 bnr. 7), 10.05.2017:

Bruksnummer 7 vart tildelt utmark med grense til kommunal veg ved oppløysing av felleseige for utmark på Færås-garden. Denne utmarka vert råka ved alternativ 1 frå forprosjektet. I den austre delen av eigedommen vil berre ei smal stripe grense mot kommunal veg (Lauvåsvegen), medan den nordvestre delen av eigedommen vil få ekstra køyrelengde på fleire kilometer. Eigedommen har eit område til bustadbygging godkjent i kommuneplanen som vil liggje i den planlagde vegen. Ved rullering av kommuneplanen er det sendt inn forslag til flytting av bustadområdet som då treng vegforbindelse. Dette må tas med i reguleringsplanen.

Teigen som vert liggande att langs vestsida av vegen bør skiljast ut som eige bruksnummer.

Det må verte sikras trygg kryssing av fylkesvegen ved Lauvåsvegen (undergang eller anna tilfredsstillande løysing). Færås- og Lauvåsgardane har nytta Skardhaugtjørna som badeplass i generasjonar.



Vurdering frå tiltakshavar:

Linjeføring i planframlegget er endra i dette området samanlikna med veglinja som låg til grunn i forprosjektet som det vert vist til. Ny veg kjem ikkje i konflikt med område sett av til spreidd bustadbygging i kommuneplanen for denne eigedomen. Plankartet viser midlertidig bygge- og anleggsområde på ca. 15 m<sup>2</sup> av areal på denne eigedomen som har formålet spreidd bustadbygging. Eventuelle nye bustadar med behov for tilkomst i området må løysast via Lauvåsvegen frå austsida eller vestsida. Det er eit mål å avgrense talet på avkøyrslar frå den nye vegen. Det er derimot vist felles landbruksavkøyrsel mot aust i grensa mellom gnr./bnr. 43/7 og 43/1.

I utgangspunktet ervervar Statens vegvesen nødvendig grunn for bygging og drift av nytt veganlegg. Behov for tilkomst skal verte dekkja ut frå dagens situasjon.

Planframlegget viser undergang for gåande og syklende ved Lauvåsvegen.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

2. Asbjørn Sigurd Larsen (gnr. 43 bnr. 4), 14.05.2017:

Avsendar ynsker veg frå ny fylkesveg og inn på sin eigedom mot aust (skissert over gnr./bnr. 43/7), blant anna for å ta ut skog og anna.

Kryss med Lauvåsvegen bør bli farbart i begge retningar grunna mellom anna gravplass på Nordskog, samt grunneigarar som vil eige grunn både aust og vest for den nye vegen.

Sykeltrasé fram til Lauvåsvegen sørfrå kan by på mange fordelar for friluftslivet.

Vurdering frå tiltakshavar:

Eit av føremåla med planarbeidet er å etablere ny fylkesveg med færrest mogleg avkøyrslar. Eigedomen har tilkomst via Lauvåsvegen.

Det er vurdert ulike kryssløysingar med Lauvåsvegen, og planframlegget viser T-kryss mot aust, men ingen kopling med køyreveg mot vest. Det er derimot vist undergang for gåande og syklende langs Lauvåsvegen.

Der vegen vert lagt i ny trasé, vil tilbodet for gåande og syklende vere langs dagens fv. 541/ framtidig lokalveg.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

3. Harry Åse (gnr. 41 bnr. 23), 10.05.2017:

Avsendar eig tre eigedommar (Tjernagelvegen 103A-C) med planlagt utbygging av bustadar, og spør om desse vil bli råka av tiltaket. Han ynskjer i så fall å få tilsendt endelege planar når dei ligg føre.

Vurdering frå tiltakshavar:

Planframlegget råkar ikkje eigedomane direkte, men det er foreslått endra tilkomst frå Tjernagelvegen. Planframlegget viser ei løysing med nytt kryss noko lenger sør, og på den måten får ein etablert eit kryssområde med betre stignings- og siktforhold. Ved eksisterande avkøyrsel vert ny veg senka noko for å redusere den bratte stigninga på strekninga.



Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

4. Tilly Oline og Tor Thuestad (gnr. 54 bnr. 6) ved Borgen Advokatar AS, 10.05.2017:

Avsendar viser til merknader i samband med forprosjektet, kor det mellom anna vart peikt på at Alternativ 1 vil dele eigedomen i to, og at Alternativ 0 vil vere den beste løysinga.

Tidlegare merknader er lagt ved og er såleis oppretthaldne.

Avsendar peikar vidare på at Alternativ 1 vil vere i strid med kommuneplanen, då eigedommen ligg innanfor omsynssone 510\_1: «Sone med særleg omsyn – Landbruk», med føresegner som mellom anna seier at «Tiltak som er til skade eller hinder for landbruksinteresser skal ikkje tillatast. Særleg skal ein søkja å unngå tiltak som splittar opp landbruksjord (...)».

Forprosjektet viser ein avstand frå senter ny veg til driftsbygning på 40 meter, mens retningslinjene til SVV seier byggegrense 50 m frå fylkesveg.

Avsendar ber om at ein trasé lenger aust vert vurdert.

Vidare vert det vist til forprosjektet kor det vert opplyst om at undergangar eller overgangar kan sikre tilkomst. Undergang må vere stor nok til traktor og avlørsarvogn. Det vert også vist til støyskjerming, som i sum vil forringe eigedommen kraftig.

Vasskjelde ligg i vegtraséen, og må såleis erstattast. I tillegg er det behov for trekkerøyr for vatn og straum langs vegen, samt kummer på kvar side av vegen.

Vidare vert det vist til kommuneplanen kor det står at kommunen skal ta vare på område for vilt, og verne landbruket sine kjerneområde. Alternativ 1 går gjennom utmark og er uheldig for friluftsliv. I forprosjektet er det ikkje nemnt at vegtraséen går over myr som er sårbar naturtype, ei heller nemnt at det er observert kongeørn i området. Biologisk mangfald er ikkje teke med. Det er nærliggande å tru at Alternativ 1 vil gi større konsekvensar for biologisk mangfald enn Alternativ 0.

Vurdering frå tiltakshavar:

Forprosjekt og politisk vedtak frå 2016 ligg til grunn for planarbeidet. Likevel er det gjort ei trasévurdering av fleire alternativ, inkludert ny veg i dagens trasé, etter ynskje frå Fylkesmannen i Hordaland, før ein har konkludert med alternativet som nå ligg føre. Veglinja er mellom anna flytta lenger aust for å auke avstanden til gardstunet, og for å redusere størrelsen på eigedomen som vert liggande på austsida av vegen.

Sveio kommune har vurdert at traséar innanfor varsla plangrense er i samsvar med intensjonen i kommuneplanen.

Byggegrenser gjeld ved etablering av nye bygningar, ikkje ved etablering av ny veg. Veglinja er likevel flytta lenger mot aust, jf. første punkt over, og i planframlegget ligg senterlinja nå i ein avstand ca. 65 meter frå nærmaste takutstikk på gardsbygningen.

Veglina er flytta lenger aust samanlikna med det som låg til grunn i forprosjektet.

Planframlegget viser ikkje planskilt kryssing mellom gardstun og austsida av den nye vegen, og ny veg ligg så lågt at kryssing i undergang vil vere vanskeleg å få til. Vegen er lagt lågt i terrenget mellom anna for å redusere støypåverknad, og for å gjere vegen mindre synleg frå gardstunet. Ein har forsøkt å gjere eigedomen på austsida så liten som mogleg ved å trekke



ny veg austover. Likevel vert det liggande att ca. 27 daa på austsida (utmark/skog). I plankartet er det vist ein landbruksavkøyrse mot aust for å gi tilkomst til denne delen av eigedomen.

Eventuelle vasskjelder som vert råka av tiltaket vil bli erstatta. Behov for trekkerøyr etc. vert vurdert i byggeplanfasen.

Forholdet til vilt, naturmangfald, myrar og friluftsliv er vurdert nærare i planarbeidet. Ein viser til planskildring som vert sendt på høyring.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

5. Svein Magne Eikemo (gnr. 41 bnr. 53), 30.05.2017:

Avsendar ber om at det vert sikra tilkomst til eigedommen.

Vurdering frå tiltakshavar:

Planframlegget viser ikkje avkøyrse til eigedomen då dette ikkje eksisterer i dag.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

6. Ernst Sigvald Lie, Bjarne Økland og Svein Hundsnæs (gnr. 41 bnr. 34, 12, 37), 01.06.2017:

Merknader, som er signert av 27 personar, viser til orienteringsmøte hausten 2015, kor Kystkonsult slo fast at trasé vest for Åsevatnet ikkje var aktuelt. Det vert også vist til referat frå Statens vegvesen, som ein meiner ikkje var heilt presist.

Avsendar ynskjer at ein vurderer ein trasé vest for Åsevatnet og Åseåsen på ny, og slik unngå konflikt med busetnad og dyrka mark, og unngå støy/støv og auka trafikkmengder (særleg tungtrafikk) tett på busetnaden på Åse.

Ein er ikkje einig i konklusjonane frå forprosjektet, og stiller spørsmål ved at forhold til barn langs vegen, støy og forureining for busetnaden på Åse ikkje er nemnt i forprosjektrapporten.

Avsendarar peikar på trasé vest for Åsevatnet/Åseåsen, som vil ha få konflikter samanlikna med trasé over Åse. Ein er bekymra for trafikkvekst, fartsnivå og faren dette fører med seg for busetnaden på Åse. Trasé vest for Åseåsen kan kople seg til eksisterande fv. 541 ved Paddevegen i sør, og følgje langs vestsida av Reiersenskogen og vidare aust for Nordskogvatnet. Traséen vil hovudsakeleg gå i utmark samanlikna med jordbruksland over Åse. Det vil også vere gunstig for nærmiljøet/ barn og unge, støy og luftforureining, og trafikktryggleik, og vil vere billegare å bygge. Ein er særleg uroa over auke i tungtransport og gjennomgangstrafikk.

Ein peikar vidare på vurderinga av vestre trasé, som ein meiner ikkje er riktig. Ein er ikkje einig i at traséen vil bli dyrare (det er mindre høgdeforskjell i vestre alternativ), ein treng heller ikkje krysse vatn i særleg grad for å få til traséen, og begge traséar munnar ut omtrent på same stad, og dermed same avstand til Sveio sentrum.

Vurdering frå tiltakshavar:

Det er ikkje vurdert alternative traséar til dagens veg sør for Åse (delstrekning A), og silingsnotat frå mars 2016 samt politisk vedtak i Hovudutval teknisk/næring april 2016 er lagt



til grunn i dette planarbeidet. For delstrekning B og C er det etter ynskje frå Fylkesmannen i Hordaland vurdert alternativ som ikkje var i tråd med tilråding i forprosjektet (dagens trasé og linjer lenger aust).

Planframlegget viser utbetra veg med gang- og sykkelveg og fortau fram til sørenden av Åsevatnet, før ny veg går i ny trasé lenger aust. Eksisterande veg vidare nordover til Nygård vert dermed ein tilkomstveg/blindveg for busetnaden langs Åsevatnet, med låg trafikkmengd.

I planmaterialet som vert lagt ut på høyring er det gjort greie for arealbeslag/dyrka mark, støyvurdering, luftforureining etc. i planskildringa.

Trasé vest for Åseåsen er ikkje vurdert nærare i dette planarbeidet, sjå punkt over.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

7. Gjertrud Svartveit Osmundsen (gnr. 42 bnr. 1), 11.06.2017:

Avsendar ynskjer at eksisterande trasé vert vurdert nærare.

Varsla korridor viser moglegheit både vest og aust for driftsbygning, kor den austre varianten vil gi størst ulempe grunna deling av beite og slåttemark. Trasé vest for driftsbygning vil også gi ein del utfordringar, mellom anna borehol, tilkomst til beite mellom eksisterande og ny trasé og tilkomst med dei største trailerane.

Sør for driftsbygning er trasé i forprosjektet teikna tvers gjennom ei nokså botnlaus myr mellom Mørkavatnet og Nordskogvatnet. Avsendar rår til ei synfaring.

Avsendar skjønar ikkje kvifor ein ikkje legg opp til tunnel, slik at ein kan komme ut på austsida av Sveio sentrum.

Vurdering frå tiltakshavar:

Varsel om oppstart av planarbeidet viser ei avgrensing av planområde som legg opp til ny trasé mellom Nygård i sør og plangrense i nord etter tilråding i forprosjektet. Planframlegget fylgjer opp dette prinsippet og viser ny veg i ny trasé på denne strekninga.

Planframlegget viser ny veg på austsida av driftsbygning og aust for Mørkavatnet og traktorveg langs vatnet. Det er vist landbruksavkøyrslar og fe-undergang (betongrøyr med indre diameter 2,4 meter).

Traséen i planen som nå ligg føre er vist på austsida av Mørkavatnet.

Det er ikkje vurdert alternative traséar til dagens veg sør for Åse (delstrekning A), og silingsnotat frå mars 2016 samt politisk vedtak i Hovudutval teknisk/næring april 2016 er lagt til grunn i dette planarbeidet. For delstrekning B og C er det etter ynskje frå Fylkesmannen i Hordaland vurdert alternativ som ikkje var i tråd med tilråding i forprosjektet (dagens trasé).

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

8. Sigurd Henning Nygård (gnr. 41 bnr. 6) 11.06.2017

Avsendar viser til oppsitjarane på Åse sitt forslag om ny trasé vest for Åseåsen, som vil gi store inngrep i sin eigedom, samt urørt utmark og strandlinje. Denne traséen vil ligge utanfor



grense i oppstartsvarelet og vere i strid med intensjonen i kommuneplanen. Den vil også vere i konflikt med naturmangfaldet ved Nordskogvatnet og ved Åseåsen. Dessutan vil den komme lenger bort frå Sveio sentrum, og kunne bidra til sentrumsspreiing.

Avsendar foreslår ny trasé lenger aust, som endar i Sveio sentrum. Denne vil ha låg konflikt med naturmangfald, men kunne ha store positive verknadar for sentrumsutviklinga i Sveio. Denne vil gi den klart største samfunnsnyttan av alle alternativa. Fv. 541 er primært ein veg for lokaltrafikk, og er mindre belasta av tyngre køyretøy (5 %) enn ein har fått inntrykk av. Utbygging på Bømlø vil også kunne føre til at denne trafikken minkar noko. Det meste av trafikken på fv. 541 skal likevel innom Sveio sentrum.

#### Vurdering frå tiltakshavar:

Varsel om oppstart av planarbeidet viser ei planavgrensing som legg til grunn ein trasé over Åse basert på tilråding i forprosjektet. Det er ikkje vurdert alternative traséar til dagens veg sør for Åse (delstrekning A) i samsvar med forprosjekt og politisk handsaming av saka. Planframlegget som nå ligg føre viser utbetra veg til Åse og ny trasé vidare nordover.

#### Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

#### 9. Sissel Øritsland og Ole Andreas Våge (gnr. 41 bnr. 8), 11.06.2017

Avsendar vil bli sterkt råka av planane som har vore presenterte for fv. 541 over Åse. Det vert vist til forslag som vart spela inn om å legge traséen i tunnel aust for Sveio sentrum, som seinare vart lagt bort grunna kostnader. Avsendar meiner likevel dette er einaste brukbare alternativ, særleg i eit lengre perspektiv.

Innvendingar mot alternativet over Åse er:

- Nedbygging av dyrka jord (garden, som er grunnlag for drift av det største saueforetaket i Hordaland, vil bli rasert) – prinsipielt er avsendar betenkt over at SVV/Sveio kommune så enkelt vel ein slik trasé utelukkande på grunn av kostnader. Grunneigar signaliserer at ekspropriasjon vil bli naudsynt.
- Konsekvensar for bumiljø; avsendar viser også til underskriftskampanjen til andre grunneigarar på Åse, som vil forskyve problema over på Nygård, og at ny veg over Åse vert oppfatta som svært negativt for bumiljøet på Åse – av alle dei som bur der.
- Trafikktryggleik; særleg grunna eksisterande og ny busetnad sørover mot Gjermundshaugen og Fjellstad.

Avslutningsvis listar avsendar opp fordelane med tunnelalternativ, mellom anna at ingen dyrka mark vert råka, tilrettelegging for utbygging av Sveio sentrum mot nord, skånsam for naturinngrep og reduserte kostnader ved å unngå konflikt med eksisterande vegnett og trafikk.

#### Vurdering frå tiltakshavar:

Varsel om oppstart av planarbeidet viser ei avgrensing av planområde som legg til grunn ein trasé over Åse basert på tilråding i forprosjektet. Det er ikkje vurdert alternative traséar til dagens veg sør for Åse (delstrekning A) i samsvar med forprosjekt og politisk behandling av saka. Planframlegget som nå ligg føre viser utbetra veg til Åse og ny trasé vidare nordover.

Sjå punktet ovanfor. Alternative traséar sør for Åse er utanfor ramma som er sett for dette planarbeidet. Etter ynskje frå Fylkesmannen i Hordaland er det gjort ein trasévurdering på delstrekning B og C (mellom Åse og Grimstveit), mens sør for Åse har arbeidet med detaljreguleringa halde seg til tidlegare vedtak i saka.





Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

10. Byfa bygg for alle AS (gnr. 41 bnr. 5), 11.06.2017

Avsendar opplyser om at det er igongsett planarbeid på eigedomen, og reguleringsplan og illustrasjonsplan er lagt ved merknad. Ein inviterer til dialog i planarbeidet, slik at ein oppnår optimale planer med mindre krevjande sakshandsaming for alle partar.

Vurdering frå tiltakshavar:

Planframlegget er i stor grad i samsvar med mottatt planutkast. Den nordlegaste avkøyrsla er derimot foreslått stengt, og samla til felles kryss lenger sør. Dette er gjort for å redusere talet på kryss og avkøyrslar på strekninga, samstundes som utfordrande stigningsforhold både i avkøyrsel og langs fv. 541 vert forbetra ved ei slik løysing.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

11. Hans Christian Grimstvedt (gnr. 54 bnr. 1, 2, 4, 5, 10), 12.06.2017

Avsendar spør om hans eigedommar vert råka på nokon måte i samband med utbygging av fv. 541, då han forstår at utbetring av eksisterande trasé er heilt utelukka. Han lurar også på om planane over Åse og Nygård er klare.

Vurdering frå tiltakshavar:

Varsel om oppstart av planarbeidet viser ei avgrensing av planområde som legg opp til ny trasé mellom Nygård i sør og plangrense i nord etter tilråding i forprosjektet. Slik planframlegget no ligg føre, vert eigedomane ikkje råka av tiltaket. Plankartet går likevel inn på eigedomen for å oppheve gjeldande reguleringsplan langs eksisterande veg på gnr./bnr. 54/10.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

12. Juergen Kreinbihl (gnr. 42 bnr. 45), 31.07.2017

Avsendar bur tett på Skardhaugtjørna og ynskjer at verdien som området har for rekreasjon for dei busette i området vert tatt vare på så godt som mogleg. Han er positiv til prosjektet, men også bekymra for støy frå det nye veganlegget, og ynskjer at vegføringa og avstanden til vatnet vert vurdert.

Vurdering frå tiltakshavar:

Planframlegget viser ny veg ca. 150-200 meter aust for Skardhaugtjørna. Lauvåsvegen vest for ny veg vert blindveg og såleis berre gang- og sykkelveg samt tilkomstveg for tre bustadar. I samband med planarbeidet er det gjort ei støyvurdering og utarbeidd støysonekart. Desse viser at det ikkje er behov for støytiltak i dette området.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

13. Bjarne Aase (gnr. 41 bnr. 45), 25.10.2017



Avsendar legg ved avkøyringsplan og kloakkplan datert 9. februar 1979, og spør om det er behov for andre dokument, eller om det er andre forhold ein treng avklaringar rundt.

Vurdering frå tiltakshavar:

Planframlegget viser at det er behov for å erverve ca. 100 m<sup>2</sup> av eigedommen permanent, og eit mellombels beslag på ca. 480 m<sup>2</sup> i samband med anleggsarbeida. Motteke løyve om etablering av avkøyrse frå 1979 vart gitt for eitt år, og er ikkje vurdert nærare i denne samanheng.

Vurdering frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje andre kommentarar.

### **3. FRAMSTILLING AV PLANOMRÅDET**

Avgrensing:

Planområdet omfattar fv. 541 (tidlegare fv. 6) og tilliggjande areal frå kryss med fv. 47 i sør til Åsevatnet i nord. Frå Åsevatnet og vidare nordover går planlagt ny veg for det meste i ny trase aust for dagens veg. Traseen strekk seg aust for Åsevatnet, vest for Maritjørna, vidare mellom Maritjørna og Mørkavatn, langs austsida av Mørkavatn og vidare nordover aust for Skarhaugtjørna. I nord ved Grimstveit overlappar planframlegget gjeldande reguleringsplan for fv. 541 Grimstveit – Buamy. Planframlegget tilpassar seg anlegget som nyleg er etablert i området nordover frå Grimstveit. Strekninga er totalt om lag 5,5 km lang.

Arealoversyn:

Reguleringsformål	Namn	SOSI-kode	Areal, daa
<b>§12-5 nr. 1 – Bygningar og anlegg</b>			
Bustader	B	1110	12,7
Bustader – frittliggjande småhus	BFS	1111	0,7
Bustader – konsentrt småhus	BKS	1112	1,2
Offentleg eller privat tenesteyting	BOP	1160	1,0
<i>Sum bygningar og anlegg</i>			<b>15,6</b>
<b>§12-5 nr. 1 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>			
Køyreveg	SKV	2011	49,7
Fortau	SF	2012	3,7
Gang-/ sykkelveg	SGS	2015	8,3
Annan veggrunn – teknisk anlegg	SVT	2018	0,1
Annan veggrunn – grøntareal	SVG	2019	80,5
Leskur/plattformtak	SP	2026	<0,1
Kollektivhaldeplass	SKH	2073	1,2
Parkeringsplassar	SPP	2082	1,8
<i>Sum samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</i>			<b>145,8</b>
<b>§12-5 nr. 3 Grøntstruktur</b>			
Friområde	GF	3040	4,8
<i>Sum grøntstruktur</i>			<b>4,8</b>
<b>§12-5 nr. 5 Landbruks,- natur og friluftformål</b>			
Landbruksformål	LL	5110	118,6
Friluftformål	LF	5130	<0,1



Spreidde bustader	LSB	5210	12,2
<i>Sum landbruks-, natur og friluftsmål</i>			<b>130,9</b>
<b>§12-5 nr. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone</b>			
Friluftsområde i sjø og vassdrag	VFV	6710	0,4
<i>Sum bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone</i>			<b>0,4</b>
<b>Sum alle arealmål</b>			<b>297,5</b>

Omsynssone	Namn	SOSI-kode	Areal, daa
<b>a.1 Sikringssoner</b>			
Frisikt	H140	140	3,6
<i>Sum sikringssoner</i>			<b>3,6</b>
<b>a.3 Faresoner</b>			
Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar)	H370	370	10,4
<i>Sum faresoner</i>			<b>10,4</b>
<b>Sum alle omsynssoner</b>			<b>14,0</b>

Bestemmelsesområde	Namn	SOSI-kode	Areal, daa
Midlertidig bygge- og anleggsområde	#_	91	148,3
<b>Sum alle bestemmelsesområde</b>			<b>148,3</b>

#### Dagens veg:

Fv. 541 ligg like vest for Sveio sentrum og tener kommunens sitt mest sentrale område. Det er størst konsentrasjon i bussettinga sør for Åse. Området nord for Åse er i hovudsak prega av spreidde bustader og landbruskeigedomar. ÅDT på vegen er 2250 sør for Paddevegen og 1100 nord for Paddevegen. Vegen har fartsgrense 50 km/t i sør, og generell fartsgrense utanfor tettbygd strøk, 80 km/t, vidare nordover.

Bortsett frå lengst sør ved fv. 47 er dagens veg smal, har uheldig kurvatur, linjeføring og dårlege siktforhold. Vegen manglar eige tilbod til gåande og syklande, bortsett frå i sør. Frå krysset med fv. 47 i sør til Fjellvegen (litt sør for Paddevegen) i nord er det etablert gang- og sykkelveg med belysning langs vestsida av fv. 541. I sør er g/s-vegen kopla saman med ein undergang som gir tilkomst for mjuke trafikantar til bustadområdet sør for fv. 47. Nordover frå Grimstveit til Buamyrdalen er det etablert gang- og sykkelveg og fortau kombinert med bruk av gamal veg for dei mjuke trafikantane.

I 2018 vart det etablert eit oppheva og belyst gangfelt like sør for krysset mellom fv. 541 og Sveiogata. Det finst ikkje andre gangfelt eller undergangar langs traséen.

#### Kollektivtrafikk:

Frå krysset med Sveiogata og nordover går busstasjon nr. 159 Haugesund-Buavåg. Sør for Sveiogata går det i tillegg to lokalbussar, nr. 700 Haugesund-Leirvik og nr. 157 Tittelsnes-Haugesund. Kystbussen Stavanger-Bergen køyrer også strekket fv. 47 - Sveiogata på veg gjennom Sveio sentrum.

Flesteparten av busshaldeplassane ligg i sør. Sør for Sveiogata, og mellom krysset med Sveiogata og krysset med Paddevegen, ligg det doble busstasjonar. Vidare nordover er det busstopp i vegbanen. Ved Lier like nord for planområdet er det etablert busstasjon i samband med ny veg til Buamyrdalen.



#### Landskap:

Fv. 541 ligg i småkupert landskap som skiftar mellom skogsareal, kulturlandskap, åsar og koller. Innsjøar og mindre våtmarksområde opnar opp landskapsromma og gir området eit godt visuelt intrykk. Bygningar er i stor grad knytt til byggefelt ved Sveio sentrum. Elles er gardsbygg lokalisert i dei opne landskapsromma kring vatna, mellom anna Åsevatnet, Nordskogvatnet og Skardhaugtjørna.

#### Naturmangfald:

Sveio har seks verna våtmarksområde. Fire av desse ligg i influensområdet for dette prosjektet. Vatn og vassdrag med tilhøyrande våtmarksområde utgjer viktige landskapsøkologiske samanhengar for flora og fauna. Det finst fleire raudlista fuglearter knytt til våtmark og kulturmark i utgreiingsområdet. Det skal vere ål i alle vatn i området og det er elles registrert stor-salamander (nær trua/NT) i ein dam nær fv. 541 og i Sveio sentrum.

Fleire av vatna i området er eller har vore utsett for vassregulering. Det gjeld mellom anna Mørkavatnet og Krokavatnet der vasstanden er senka. Dette har ført til at større område kan dyrkast opp, men har og gitt meir omfattande våtmarksvegetasjon med mellom anna takrøyr. Dette gir gode leveområde for fuglearter som treng skjulestader i våtmark. På synfaring vart det på vestsida av Mørkavatnet sett fugl og funne reir med egg som samsvarar med svartstrupe. Dette er ein raudlista art som er sterkt truga og som elles i kommunen berre er registrert i området Ryvarden-Mølstre.

#### Naturressursar:

Det er grunnvassverdiar kring Åsevatnet, men elles ingen registrerte grunnvassverdiar i planområdet. Tre grunnvassbrønningar ligg innanfor planområdet. Ein av desse, ein energibrønn vest for Tjernagelvegen ved Steinartjørna, kan vera i konflikt med vegprosjektet.

#### Landbruk:

Det er ca. ti landbrukseiningar innafor planområdet som vil kunne få reduksjon i innmarksareala som følgje av tiltaket. Landbrukseiningane er både bruk som er i drift og bruk med leigejord.

Området er for ein stor del prega av tidlegare og eksisterande landbruk. På nokre bruk er det stor aktivitet med nydyrking og innmarks- og utmarksbeite som er i bruk. Det er tydeleg skilje mellom utmark som vert beita og utmark som gror att.

#### Kulturminne:

Sveio ligg sentralt i siglingsleia langs kysten og inn Hardangerfjorden. Slik var det også i eldre tider, noko ei rekke kystrøyser frå eldre bronsealder langs vestkysten viser. Det ligg ingen kjente automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Registreringar av fylkeskonservatoren i samband med planarbeidet har ikkje avdekt til no ukjente spor etter automatisk freda kulturminne.

Det er likevel fleire kjente spor etter førhistorisk aktivitet i nærområdet. I Sveio sentrum er det funne ei flatmarksgrav frå jernalder, kyrkjestad frå mellomalder, og ei geil frå jernalder eller mellomalder. Sveio er mellom dei eldste gardane i området, og var truleg adelsgoods fram til tidleg på 1600-talet. Frå 1100-talet og fram til 1858 var det kyrkje ved Sveihaugen. Mellomalderkyrkjestaden er automatisk freda.

Nord for utgreiingsområdet, på bruka Lier og Nyland, er det registrert tre automatisk freda lokalitetar med spor etter dyrkingsaktivitet frå sein yngre steinalder og fram til merovingartid. Også aktivitetsspor frå eldre steinalder er kjent i dette området.



Kjente nyare tids kulturminne i planområdet omfattar i hovudsak eldre gardstun og bygningar knytt til gardsdrift:

- Sveigarden
- Fjellstad kyrkjegard
- Sveen
- Åse
- Lyngstad

#### Friluftsliv:

Vatn og vassdrag i området har lokal verdi for friluftsliv. Turvegar fell for ein stor del saman med fylkesvegnett, lokale vegar og traktorvegar. Det går ein tursti frå Færås og nordover til Lier. Aust for Åsevatnet går det ein traktorveg/sti i retning eit større turområde ved Eftedalstoppen. Traktorveg aust for Mørkavatnet har også kvalitetar som turveg.

## **4. FRAMSTILLING AV PLANARBEIDET**

#### Vegar:

Fylkesvegen er planlagt med utbetningsstandard, vegklasse U-HØ2. Normalprofil er 7,5 meter inkludert vegskulder, same som på den nye vegen mellom Grismtevit og Buamyr. I sør, der ny veg vert lagt i dagens veg, er det i tillegg planlagt g/s-veg langs vestsida av vegen og fortau langs austsida. Køyrevegn er planlagt med breidde 6,5 m, og normalprofil for heile veganlegget i sør vert då 13,5 m. Langs Maritjørna, der ny veg er lagt i dagens veg et stykke, er det også planlagt g/s-veg langs vestsida av køyrevegen. Elles er det nordover frå Åse planlagt at gåande og syklende skal nyttedagens køyreveg. Dagens veg vil få lite trafikk når ny veg er på plass, og vil berre verte trafikkert av trafikk til eigedomane.

#### Kryss og avkøyrslar:

Antal kryss og avkøyrslar skal verte avgrensa på strekninga. Kryss med Sveiogata er flytta mot nord for å gi Sveiogata betre linjeføring og siktilhøve. I kryss med Fjellvegen, Gjermundshaugen og Paddevegen er det berre gjort mindre justeringar. Kryss med Løkjavegen er justert noko. Avkøyrslar er samla, justert og forbetra der dette er vurdert som formålstenleg.

#### Kryssing for mjuke trafikantar:

Kryssing av fylkesvegen er planlagt i plan i sør. Ved Lauvåsvegen er det planlagt planskilt kryssing av fv. 541. Bakgrunn for det er at ny fylkesveg kryssar eksisterande skuleveg her, og barn som skal køyre med skulebuss frå haldeplassen på Nordskog ikkje kan krysse ny veg med fartsgrense 80 km/t. Det er også planlagt planskilt kryssing nord i planområdet, fordi dette er hovudtrasé for gåande og syklende og fartsgrensa i området vil vere 80 km/t. Det er også planlagt ein undergang for kyr nord i området. Denne kan også verte nytta av turgåarar.

#### Kollektivhaldeplassar:

Det er planlagt tre busslommepar langs ny veg. Alle busslommene er foreslått med leskur. På strekninga mellom Tittelsnesvegen og Paddevegen er det i dag tre busslommepar. Desse er foreslått samla til eit nytt busslommepar like sør for Sveiogata. Det er gunstig å samle desse haldeplassane til busstrafikken/passasjerar, kostandar og arealbruk. Vidare er det foreslått eit busslommepar ved Åse og eit like sør for Maritjørna. Vidare nordover legg ein til grunn at busstrafikk nyttar dagens veg og haldeplassar.

#### Parkering:

Sør for kryss med Sveiogata er det vist parkering for personbilar og bussar. Den nye parkeringsplassen vil vera litt større enn dagens og i tillegg eit snuareal for bussar.



Parkeringsplassen vil ha tilkomst frå Sveiogata som i dag.

#### Deponi og massebalanse:

Mengdeberekingar gjort i planarbeidet viser eit overskot av sprengt stein på ca. 30.000 m<sup>3</sup> og eit overskot av lausmasser (matjord, jord og ubrukbare masser) på ca. 88.000 m<sup>3</sup>. Matjord utgjer ca. 10.000 m<sup>3</sup>. Ein del av lausmassane kan disponerast internt i veganlegget, medan noko må verte transportert bort. Det er regulert areal for plassering av lausmasser langs vegen. Det er innarbeida krav i planføresegnene pkt. 2.8 til etterbruk av landbruksjord. Matjord skal verte brukt til jordforbetring eller nydyrking.

#### Vegllys og straumnett:

Det er planlagt samanhengande belysning langs fylkesvegen frå fv. 47 til Åse. I tillegg vert det belysning på strekninga langs Maritjørna, der det også er planlagt g/s-veg langs vestsida av køyrevegen. Det vert elles lagt opp til punktbelysning i kryssområder.

I gang- og sykkelvegen mellom Tittelsnesvegen og Fjellvegen ligg det ein 22 kV høgspent jordkabel, mens det mellom Åse og Grimstveit går ein 22 kV høgspent luftledning delvis langs eksisterande og ny veg. Ny veg kryssar under høgspenteledinga ved Åse, Maritjørna og ved Lauvåsvegen, og kjem i konflikt med tre master. I plankartet er kryssingane merka med omsynssone for høgspenningsanlegg. Det er elles noko lågspentanlegg og fiber både i jord og luft som er i konflikt med nytt veganlegg, hovudsakeleg sør i planområdet. Detaljane rundt eksisterande og eventuelt behov for ny teknisk infrastruktur må avklarast nærare i byggeplanfasen.

#### Vatn og avlaup:

Det ligg kommunalt vatn- og avlaupsanlegg (VA) i delar av planområdet. Det er foreløpig ikkje tatt høgde for eventuelle utbetringar av kommunale VA-anlegg i området. Det må undersøkast nærare i byggefasen kva planar og behov Sveio kommune har i området. Konflikstar med private VA-anlegg må verte avklart nærare i byggeplanfasen.

#### Overvatn:

Sør i planområdet er det nokre stikkrenner under eksisterande veg som må verte forlenga eller skifta ved utbetring av vegen. Tilstand og kapasitet på stikkrennene må verte vurdert nærare i byggeplanfasen.

Det er også planlagt nytt anlegg for overvatn. Lukka anlegg for overvatn med drensledning, sandfang og OV-leidning er planlagt der ein har behov. Drensleidingar vert ført til sandfang eller direkte til bekkar og vassdrag langs vegstrekninga. Ein del av veganlegget er lagt på fylling og her vert overvann ført direkte til terreng utan leidningsanlegg. Der overvann ikkje kan leiast direkte til terreng, nyttar ein sandfang som vert plassert inn mot kantstein i rabattar/fortau. I lengre fjellskjeringar nyttar ein terrengsluk i grunn sidegrøft. Overvassleidingar fraktar vatnet frå sandfang til utløp ved stikkrenner, vassdrag/bekk eller terreng der det er naturleg. Teikningane viser seks større stikkrenner mellom profil 2000-4450 som skal sikre at vatn frå bekkar og sideterreng får krysse det nye veganlegget. Desse er dimensjonert i samsvar med VA-norm og Statens vegvesens handbøker. Ved bekkeinntak er det sett av ekstra areal i plankartet for plassering av sjølve inntaket, samt for tilpassing av terrenget.

## **5. VERKNADSVURDERING**

I planarbeidet er det lagt til grunn at det ikkje skal vera konsekvensutgreiing, men ei verknadsvurdering. Ei verknadsvurdering er ei framstilling av faktiske konsekvensar tiltaket vil kunne påføre ulike definerte verdiområde. Verdiområde som er vurdert er:





- Landskapsbilde
- Naturmangfald
- Kulturarv
- Friluftsliv
- Naturressursar
- Trafikale verknader
- Støy
- Lokal luftforureining
- ROS-analyse
- Endra arealbruk og innløyising av bygningar
- Verknader for næringslivet
- Barn og unge sine interesser
- Folkehelse

#### Landskapsbilette:

Veglina er stort sett godt forankra i landskapet. På grunn av auka vegbreidde og stivare horisontal- og vertikalkurvatur, vil dei strekka som følg dagens trasé få skjeringar og fyllingar som er noko meir dominerande enn i dag. I tillegg vil ein få nye inngrep i områder som tidlegare var upåverka av veganlegg. Bortsett frå det markerte terrengkuttet langs Åsevatnet, er tiltaket godt tilpassa landskapet både når det gjeld linjeføring og skala. Tiltaket har totalt sett moderat påverknad på landskapsbildet.

For å redusere dei negative verknadane for landskapsbiletet vert desse tiltaka tilrådd:

- Ta vare på mest mogleg av eksisterande buffervegetasjon mot elvar og bekkar, spesielt i krysset mot Løkjavegen. Reetablere kantvegetasjon om nødvendig.
- Legge vekt på utforming av kulvertar for å få gode tilpassingar til terreng, og materialbruk som er tilpassa omgivnadane.
- Eventuelle massedeponi skal tilpassast tilgrensande landskap, og ferdigstillast til det formål det skal ha, for eksempel såing eller revegetering.
- Skjeringar og fyllingar skal ha ein god landskapstilpassa utforming. Der jordskjeringar og fyllingar går i jordbrukslandskap skal det sås til. I myrlandskapet nord for Maritjørna/Mørkavatnet skal det leggest til rette for revegetering med eksisterande vegetasjon.

#### Naturmangfald:

Tiltaket er ikkje i direkte konflikt med verneområde, viktige viltområde eller registrerte viktige naturtypar. Det er heller ikkje påvist direkte konflikt med raudlisteartar. I nærområdet er det fleire våtmarker som er verna med omsyn til områda sin verdi for fugl eller som har tilsvarande kvalitetar. Tiltaket vil i liten grad påverke leveområda for raudlista fugleartar negativt. Delar av ny Tjernagelvegen vil følge dagens veg, men i den nordlege delen av planområdet vert traséen lagt ca. 400 meter aust for dagens veg og inn i eit område med få inngrep, og såleis verte ei ny barriere og dermed påverke naturmangfald negativt. I sum kan det konkluderast med at tiltaket vil kunne medføre noko negativ påverknad, men ikkje vesentlege negativ påverknad på naturmangfald.

For å redusere dei negative verknadane vil bygging av kulvert med naturleg elvebotn, i staden for legging av betongrøyr, sikre gode vandringsstilhøve for fisk og andre dyr der vegprosjektet kryssar over elvar og bekkar.

For å sikre anleggsgjennomføring med minst mogleg negativ konsekvens for naturen, bør fjerning av vegetasjon skje utanom hekkesesong. Tiltak i vassdrag må utførast på ein måte



som sikrar minst mogleg partikkelforureining særleg i periodar som er sårbare for fugl og fisk.

Det er vasspest i Åsevatnet og Vigdarvatnet nedstrøms. For å sikre at utbreiinga av denne arten ikkje spreier seg til andre vassdrag eller oppstrøms Åsevatnet, må det takast særleg omsyn når maskinar og massar vert flytta frå Åsevassdraget. Parkslirekne, ein framandart med svært stor risiko, er registrert heilt i sør frå bussparkering og nord til Gjermundshaugen. Før anleggsstart må utbreiing kartleggast i detalj og massar og utstyr handterast etter gjeldande regler. Platanlønn er òg ein framandart som det veks mykje av særleg langs Åsebekken, men det er ein art som det er vanskeleg å gjere noko med.

#### Vurdering etter Naturmangfaldlova:

Ved vurdering av planframlegget etter NML og sjekklister utarbeida av Fylkesmannen i Hordaland er konklusjonane om kva verknader planen har etter Naturmangfaldlova følgjande:

*NML § 8 og 9 kunnskapsgrunnlaget og føre-var prinsippet:* Det ligg føre eit godt kunnskapsgrunnlag om naturverdiar i planområdet jf. opplysningar i naturbase.no. Det er tidlegare utarbeidd rapport om vilt og viktige naturtypar for Sveio og det ligg føre kunnskap om dei mange naturreservata i området. Det er stort omfang særleg med registrering av fugl i artsdatabanken.no. Heile tiltaksområdet er synfart. Myrområda aust for Skardhaugtjørna har kvalitetar som kystmyr med lokal verdi og er gitt middels verdi i verdikart, men myra er ikkje undersøkt i detalj. Føre var-prinsippet er derfor nytta og det har vore fokus på å få veglinja plassert i utkanten av myrområdet og vekk frå strandsona til Skardhaugtjørna.

*NML § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:* Området har særleg verdi som funksjonsområde for fugl med tilknytning til våtmarksområde, og det ligg fire våtmarksreservat i nærleiken. Det har derfor vore særleg viktig å vurdere i kva grad tiltaket vil medføre negativ konsekvens for desse verdiane. Reservata ved Mannavatnet, Bjellandsvatnet og Skiftestad ligg tett til veg utan at det av den grunn reduserer verdien av områda. Ny fv. 541 vil ligge ca. 500 meter frå Færås reservat etter vegomlegging og lengre ifrå Skiftesvatnet reservat. Det er konkludert med at flytting berre i ubetydeleg grad vil påverke naturmangfaldet.

*NML §§ 11 og 12 kostnader ved reduksjon av miljøverdiar og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:* For å unngå eller redusere skade på naturmangfald er det i forkant av reguleringsplanarbeidet gjennomført ei siling av alternativ på strekninga frå Åse til Grimstveit. Forbi Åse er det i reguleringsplan lagt til grunn alternativet som vart rangert som best for naturmangfald. Nord for Åse er det lagt til grunn alternativet som vart rangert som nest best og der det har vore fokus på å unngå inngrep i våtmark og myr.

#### Kulturarv:

- Sveigarden – ny kopling mellom Tjernagelvegen og Sveiogata gir noko terrenginngrep vest i miljøet. Delar av ein steingard kan bli fjerna. Den mest verdfulle delen av miljøet, gardstunet, vert ikkje råka vesentleg. Samla vurderast miljøet å bli ubetydeleg råka.
- Fjellstad kyrkjegard – kyrkjegarden ligg vest for fv. 541, og arealføremålet annan veggrunn går heilt inntil kyrkjegardsmuren. Vurderinga legg til grunn at det ikkje gjerast inngrep i muren. Påverknaden vert ubetydeleg samanlikna med dagens situasjon.
- Sveen – gardstunet vert ikkje råka av tiltaket.
- Åse – dagens veg går i utkanten av kulturmiljøet, og ny veg føler i hovudsak dagens trasé. Gang- og sykkelveg på vestsida av fv. 541, samt tilkopling av tilkomstvegar til tunet på gnr. 41 bnr. 4 og bnr. 3, 20 vil gi noko terrenginngrep i sørlege og vestlege utkant av miljøet. Ei steinmurt bru på tilkomstvegen til bnr. 4 vil bli fjerna. Eit breiare tverrsnitt vil gi noko visuell påverknad på kulturlandskapet som heilskap. Tiltaket



## Sveio kommune

råker utkanten av miljøet og fører ikkje til vesentleg forringing av kulturmiljøet samla, men tiltaket gir noko negativ verknad.

- Fagerheim - Tunet ligg like vest for nordenden av Skardhaugtjørna, og dagens veg ligg vest for tunet. Ny vegtrasé vil gå på austsida av tjørna, og har ingen påverknad på tunet. Ingen verknad.
- Lyngstad – dagens veg ligg vest for tunet på Lyngstad, om lag 100 meter vest for bustadhuset. Ny vegtrasé vil ligge høgare i terrenget på austsida av tunet, om lag 60-70 meter aust for driftsbygningen. Tiltaket gir terrenginngrep i urørt areal mellom innmark og utmark og er vurdert å gi noko negativ verknad.

God landskapsmessig tilpassing og gode overgangar mellom vegareal og sideterreng kan redusere dei negative verknadane for kulturmiljø. Ved Fjellstad kyrkjegard må det i anleggsfasen visast varsemd ved gjennomføring av tiltak for å førebygge skader på kyrkjegardsmuren. Tiltak som mellombels tildekking eller oppstøtting av mur bør verte vurdert.

### Friluftsliv:

Etablering av samanhengande tosidig tilbod med gang- sykkelveg og fortau frå Krossleitet til Åse vil ha positiv verknad for friluftslivet. Frå Åse og nordover vert det ikkje etablert eige tilbod for gåande og syklande, men gjennomgangstrafikken vert leda bort. Det vil vere positivt for syklande og gåande.

Aust for Åsevatnet går det ein traktorveg/sti i retning eit større turområde ved Eftedalstoppen. Ny veg er planlagt i fylling over denne traktorvegen, og for å sikre at det framleis er mogleg å gå her og dermed unngå negativ verknad, er det foreslått ein undergang med redusert høgde. Også ferdsel langs Lauvåsvegen vert sikra med ein undergang når ny veg kjem til å krysse over her. Traktorveg aust for Mørkavatnet har kvalitetar som turveg. Ny fylkesveg vil krysse over denne traktorvegen, men det vert etablert landbruksavkøyring på begge sider av vegen.

### Naturressursar:

Prosjektet fører til permanent beslag av ca. 8 dekar fulldyrka mark, 7 dekar overflatedyrka mark og 26 dekar innmarksbeite. Lengst nord i planområdet vert det inngrep i ein skogteig med planta gran. Sju landbrukseigedomar vil få reduksjon i areal med fulldyrka eller overflatedyrka mark. Størst arealbeslag av dyrka mark vert det ved Åse.

I anleggsfasen vert det behov for mellombels arealbeslag av ca. 17 dekar dyrka mark, 7 dekar overflatedyrka og 29 dekar innmarksbeite. På areal med mellombels beslag vil det vere mogleg å reetablere dyrka mark. Ved Nordskog er det sett av riggområde på dyrka mark, noko som forklarar relativt stort omfang på mellombels beslag. Her er det mogleg å reetablere dyrka mark etter at tiltaket er ferdig.

Tiltaket vil føre til oppdeling av landbrukseigedomar, noko teigdeling og endra tilkomst. Det er i planen lagt inn jordbrukstilkomst for å sikre tilkomst for dei som får delt eigedomane sine. Oppsummert vil tiltaket ha noko negativ konsekvens for naturressursar.

Det vil redusere konsekvensane av tiltaket dersom matjorda som må fjernast kan verte nytta i sjølve tiltaket og overskot av matjord vert nytta i område med nydyrking. Gjerne i område som i dag er innmarksbeite. Det er innarbeida i føresegnene pkt. 2.8 Handtering av massar at: *Etterbruk av landbruksjord skal verte avklart med kommunal landbruksmynde. Matjord skal verte brukt til jordforbetring eller nydyrking.*



I område med dyrka mark bør midlertidig anleggs- og riggområde haldast på eit minimum. Område for rigg og mellombels deponi er lagt til område med liten verdi for landbruk.

### Trafikale verknader:

Hovudmålet med planen er å auke trafikktryggleiken på strekninga. Samanlikna med dagens situasjon gir løysingane i planframlegget ein tryggare situasjon for alle trafikantar.

Tilbodet til gåande og syklande vert betydeleg betra samla sett. Verknadane for mjuke trafikantar er derfor positive. Talet på kollektivhaldeplassar vert redusert på strekninga, og busslommene er planlagt etter nye standardkrav. Planframlegget legg opp til at busstrafikken skal nytte dagens veg på nordre halvdel av strekninga. Tilbodet blir dermed ikkje endra for denne delen av planområdet. Samla sett vert konsekvensane for kollektivtransport vurdert til å vere små eller ingen. Det er lagt til grunn at Tjernagelvegen vert forkøyrsvog. Samla sett vil planframlegget føra til ein betre og tryggare situasjon for biltrafikken.

### Støy:

Tiltaket gir krav om støyvurdering fordi ny veg vert lagt i ny trasé. Resultat av vurderinga viser at bustader på søre del av strekningen ikkje vil oppleve noko endring av støy som følgje av tiltaket. Her vil det difor ikkje verte gjort støytiltak.

Støyvurdering for ny trase nord for Åse viser at ingen bustader vil få støy over anbefalte nedre grenseverdi etter støyretningslinene T-1442. Unntaket er bustad på gnr. 41 bnr. 1 som ligg i grensesjiktet mellom dei to sonene med forskjellige vurderingskriterier. Bustaden har fasadenivå i gul sone, tilsvarande som i dag. Dette er den einaste bustaden i planområdet kor tiltak bør vurderast nærare.

### Lokal luftforureining:

Ei trafikkmengd under 8000 ÅDT vil ikkje gi luftforureining over nedre grense for gul sone i T-1520. Innanfor planområdet er både dagens trafikkmengd og framtidig berekna trafikkmengd godt under 8000 bilar i døgnet. Utbetring og ny veg på strekninga vert vurdert til ikkje å gi vesentleg auke i luftforureininga, og det utløyser ikkje krav om å utarbeide luftsonekart. Lokal luftkvalitet for planområdet vert ut frå trafikkmengda vurdert til å vere god, og betre enn nedre grense for gul sone i retningslinja T-1520.

### Endra arealbruk og innløysing av bygningar:

Per i dag er det ikkje sett av midlar til prosjektet. Når finansieringa er på plass vil grunnforhandlingane verte starta. Berørte grunneigarar vert då kontakta av grunnforhandlar.

Planframlegget fører til at fire bygningar må løysast inn på gnr. 41 bnr. 16. Dette er enkle bygningar (garasje/skur) nytta til lager/oppbevaring. I tillegg er ny veg i konflikt med ein konteinar på gnr. 41 bnr. 8.

### Verknader for næringslivet:

Bortsett frå landbruk er det ikkje lokalisert næringsverksemd langsmed traséen som vert påverka av planframlegget. Høgare vegstandard med færre avkøyrslar vil gi betre tilhøve også for næringstrafikken.

### Barn og unge sine interesser:

Det ligg både barneskule, ungdomsskule og to barnehagar i Sveio sentrum. I tillegg er størsteparten av idretts- og kulturtilbodet lokalisert i sentrum (Vigdartun). Planframlegget legg til rette for opparbeiding av eit mykje betre og tryggare ferdsletilbod for born og ungdom enn i dag.

### Folkehelse:



Plan- og bygningslova §3-1 (1) bokstav f) fastslår at ei sentral oppgåve ved planlegging er å «fremme befolkningens helse og motvirke sosiale helseforskjeller». Den fysiske utforminga av samfunnet vårt er ein av fleire faktorar som spelar inn på folkehelsa. Helsedirektoratet (2011) har utarbeida ei liste over tema som bør verte vurdert i plansamanheng. Ettersom denne reguleringsplanen hovudsakleg tek føre seg trafikkareal er det mange tema som ikkje er aktuelle, som til dømes bustadsamansetjing og etablering av uformelle, sosiale møteplassar. Følgjande tema er aktuelle:

- Er skulevegane tilrettelagde slik at dei kan nyttast til fysisk aktivitet?
- Korleis er kravet til universell utforming ivareteke?

Eit trygt tilbud for mjuke trafikantar vil auka sannsynet for at fleire vel å gjere turar til fots eller på sykkel. Planframlegget vil derfor ha ein positiv effekt på folkehelsa.

Det er søkt om fråvik frå kravet til universell utforming mellom profil 1140 og 1280 som følgje av stadlege forhold. Det betyr at gang- og sykkelvegane og fortauet ved avkøyrsla til Løkjavegen (Sveio omsorgssenter) ikkje vil vere utforma i tråd med prinsipp om universell utforming. Samanlikna med dagens situasjon vil tilhøva samla sett verte mykje betre med tanke på universell utforming.

## **6. SAMLA VURDERING**

Planframlegget er heilskapleg og grundig vurdert. Det er i samsvar med intensjonen i gjeldande kommuneplan for området. Det har så langt i planprosessen ikkje vorte avdekt tilhøve som tilseier at planframlegget ikkje bør verte lagt ut til offentleg ettersyn.

Rådmannen rår difor til at planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til berørte partar.

### Framdriftsplan:

Når planen er lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til berørte partar vil det verte arrangert eit ope folkemøte. Det vil også verte høve til kontormøter for dei einskilde berørte grunneigarane. Etter at planen har vore til offentleg ettersyn i minst seks veker skal innkomne fråsegn og merknader verte vurderte. Etter eventuelle justeringar av planen er målet å leggja fram detaljplanen for andregongs handsaming og endeleg vedtak.

## **Rådmannen sitt forslag til vedtak:**

1. I medhald av §§ 12-10 og 12-11 i plan- og bygningslova vert forslag til detaljregulering for fv. 541 Grimstveit – Sveio lagt ut til offentleg ettersyn.
2. Høyringsfrist vert sett til 6 veker frå kunngjeringsdato.



Sveio kommune

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

### **HTN - vedtak:**

1. I medhald av §§ 12-10 og 12-11 i plan- og bygningslova vert forslag til detaljregulering for fv. 541 Grimstveit – Sveio lagt ut til offentlig ettersyn.
2. Høyringsfrist vert sett til 6 veker frå kunngjeringsdato.